



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato  
20.01.2017  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2017/965  
Dykkar referanse  
«REF»

Kommunane i Hordaland

### Rett til barnehageplass for barn fødd i november

I behandlinga av statsbudsjettet for 2017 har Stortinget fatta vedtak om at barn fødd i november skal få rett til barnehageplass. Stortinget vil mest sannsynleg fatte vedtak i løpet av våren 2017 som gir barn fødd i november rett til barnehageplass. Retten skal tre i kraft i 2017.

Kommunane kan velgje om foreldre til barn fødd i november må søkje innan den ordinære fristen, for mange kommunar er det 1. februar eller 1. mars.

Dersom kommunane vel at den ordinære fristen skal gjelde, er det viktig at søknadsprosedyrene blir endra og at det raskt blir gitt informasjon om at barn fødd i november no har rett til barnehageplass. Dersom foreldre med barn fødd i november 2016 likevel ikkje får med seg endringa og informasjon om kommunen sine søknadsfrister, blir kommunane oppmoda om å vera så fleksible som mulig.

Kunnskapsdepartementet sender forslaget om å gi barn født i november rett til barnehageplass på høring i månedsskiftet januar/februar.

[Utdanningsdirektoratet har oppdatert nettsidene sine med informasjon om rett til plass for barn fødd i november.](#)

Med helsing

Ingunn Landro Sandset  
seniorrådgjevar